



Dato	01.11.22
Sakshandsamar	rådgjevar Vestland
Dokumentnavn	sakshandsamar

Høyringsinnspeil «Kultur bygger samfunn» - framlegg til regional plan for kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035 Vestland

Norsk kulturskoleråd Vestland takker for invitasjon til sende høyringsinnspeil og invitasjon til høyringsmøter. Fylkesavdelinga har handsama framlagte regional plan for kultur, idrett og frivillighet 2023-2035 Vestland.

Generell kommentar til høyringsframlegget

Me vil gratulere med eit godt høyringsframlegg utført i samarbeid med aktørar i samfunnet, som vert omfatta av planen.

Norsk kulturskoleråd Vestland, ser at satsingsområda i framlegget heng saman med både nasjonale mål og Kulturskolerådets mandat og strategi. Me ser fram til vidare samarbeid og samhandling mellom Norsk kulturskoleråd Vestland og Vestland fylkeskommune, her representert ved kultur.

På ein del punkt bør planen vere meir presis når det gjeldt dei omtale av dei kommunalt lovpålagde kulturskulane og samarbeid med fylkesavdelinga av Norsk kulturskoleråd.

Norsk kulturskoleråd Vestland – høyringsinnspeil

Høyringsinnspeil «Kultur bygger samfunn» del 1

1. Innleiing 1.1 Planlegging for kultur 1. og s.6

Endringsframlegg:

Kulturskulen er det tredje lovpålagde skuleslaget og bør av den grunn stå i første avsnitt.

Kommentar:

Første avsnitt omtaler «byggesteiner i eit rikt og mangfaldig kulturliv» mellom anna skular.

4.9 Integrering og inkludering 5. avsnitt s.23

Endringsframlegg:

I første setning står «Også deltaking i kulturskulen er avhengig av bakgrunn,...». Formuleringa her kan ein mistolke. Me har framlegg om at ordlyden vert endra slik: «Bakgrunn, bustad og økonomi gjer at ein del fell utanfor deltaking i kulturskulen.»

Kommentar:

Kulturskuleleiainga er bevisst på rekruttering i høve mangfold og inkludering. Utfordringa er mellom

anna pris og synleggjering av skuleslaget. Samarbeid og samhandling med oppvekst / skule, helse og det utvida kulturfeltet er avgjerande for å nå måla for mangfold og inkludering. Kulturskolerådet har nyleg lagt fram sin strategi for mangfold, inkludering og innanforskning, som får fokus i det vidare arbeidet med den kommunale kulturskulen i framtida.

Høyringsinnspel «Kultur bygger samfunn» del 2

I framlegget står: «Denne delen skal vise meir konkret korleis dei ulike delane og felta innanfor det breie kulturfeltet kan vere med å oppfylle visjonen og måla som er sett i del 1.»

4.3.2. Kulturskulen s.33

Endringsframlegg:

I avsnittet om kulturskulen, oppmodar me om at ein i innleiinga omtaler Meld. St.18 (2020-2021) og set den i samanheng med Norsk kulturskoleråd Vestland og kulturskulane/kommunane i fylket, som sentral samarbeidspart for Vestland fylkeskommune.

Kommentar:

Kulturskulen er i Kulturutredninga 2014 definert som del av «Den kulturelle grunnmuren». Det er naturleg at aktørane innan kulturskule og kultur representert ved frivilligheita, bibliotek, Den kulturelle skulesekken m.m. samarbeider og samhandlar. Det er også viktig å skilje på ståstad og korleis me som aktørar kan oppfylle måla som er sett for kulturskulen som skuleslag med Norsk kulturskoleråd og fylkesavdelinga som rådgjevande organ, og fylkeskommunen si rolle innan kunst og kultur i lys av å bidra til sosial berekraft. Kulturskulen er forankra i opplæringslova og Kunnskapsdepartementet. Ei tydeleggjering av det ein har visjon og mål om innan samarbeid og samhandling mellom dei to aktørane Norsk kulturskoleråd Vestland og Vestland fylkeskommune er klargjerande.

4.3.2 Kulturskulen 1. avsnitt s.33

Endringsframlegg:

Me ser at opplæringslova §13.6 til dels er sitert i andre setning, og med fordel kan verte vist til og sitert i sin heilskap.

4.3.2 Kulturskulen 3. avsnitt s.33

Kommentar:

Me syner til kompetanseutviklingstilbod til kulturskuletilsette, som har vore arrangert både nasjonalt og i Vestland fylke. Norsk kulturskoleråd Vestland og Kulturskolerådet nasjonalt, har fokus på etter- og vidareutdanning og dei tilsette, praktisk pedagogisk utdanning i fylket spissa mot lærarar innan kunstfaga og praksis i kulturskulen. Funksjonsområdet FoU i Kulturskolerådet har eit særleg ansvar for området.

4.3.2 Kulturskulen 4. avsnitt s.33

Endringsframlegg:

Midt i avsnittet er forventninger frå Meld.St.18 (2020-2021) kap.8 omtala. Det vil vere ei styrke for planen å vise til kor dette er henta frå.

Me foreslår å stryke den siste setninga.

Kommentar:

Kulturskolerådet og fylkesavdelinga i Vestland har tiltak innan fordjuping, som er igangsett med fleire samarbeidspartar og finansiert av toårige prosjektmidler frå Sparebankstiftinga DNB. Vestland fylkeskommune ved avdeling for opplæring og kompetanse, og avdeling for kultur idrett og integrering er invitert med i utviklingsarbeidet. Det er ynskjeleg å ha eit vidare samarbeid og samhandling med begge avdelingar i fylkeskommunen til liks med UH-sektor på Vestlandet og frivillige kunst-og kulturorganisasjonar som har fordjupings- og talenttilbod. I dette arbeidet er distriktsmusikarane viktig. Dei er ein ressurs i regionar, slik dei er plassert geografisk. Kunstfagleg bredde som omfatter andre kunstfag i ordninga, vil ytterlegare stø arbeidet i regionar.

I Vestland har dei største regionale kulturskulane tatt eit regionalt ansvar i høve fordjuping på grunnlag av mottekne stipendmidler. I det vidare arbeidet er det naudsynt for kommunane å ha både fylkeskommunen sine to avdelingar og Kulturskolerådet med i vidare utvikling regionalt, i tillegg til UH og frivillig sektor.

Fylkeskommunen bør ha fokus på å nytte midlane til tiltak for barn og unge, og å samarbeide, samhandle og koordinere arbeidet saman med Kulturskolerådet sitt rådgivningsorgan.

4.3.2 Kulturskulen 5. avsnitt s.33

Kommentar:

Gode og tenlege lokaler for kulturskulane sin oppplæring er av stor tyding og har eit nasjonalt fokus så vel som fylkeskommunalt. Kulturskulane har kvalifiserte tilsette, som bør vere med når plan for nye bygg og rehabilitering vert igongsett. Me har for mange gonger erfart at denne kompetansen ikkje vert lytta til, med redusert bruksverdi og mogleg seinare fysiske skader for brukarar. I dei prosjekt der fylkeskommunen er involvert, lyt dette vere eit felles mål for Kulturskolerådet si fylkesavdeling og fylkeskommunen saman med kommunane å ha eit særleg fokus på.

4.3.2 Kulturskulen 6. avsnitt s.33

Endringsframlegg:

Det står i høyringsframlegget: «Med Norsk kulturskoleråd sitt pilotprosjekt *Kulturskole 3.0...*».

Her lyt ein korrigere i tråd med fakta:

Med KS og Norsk kulturskoleråd sitt pilotprosjekt «Fretidens kulturskole»...

4.3.2 Kulturskulen målsitat s.33

Endringsframlegg:

Henvising til kor målet er henta frå styrker planen.

Høyringsinnspele «Kultur bygger samfunn» del 3

Norsk kulturskoleråd Vestland stiller seg positive til å ta del i utarbeiding av handlingsplan.

Norsk kulturskoleråd er ein interesse- og utviklingsorganisasjon som arbeider for å fremme kvalitet i opplæringa innan kunst og kultur for barn, unge og vaksne med utgangspunkt i dei kommunale kulturskulane.